



vestafor måne

Guri Aasen  
Forteljar

Tlf: (+47) 936 06 715  
guri-aas@online.no  
www.vestaformaane.no  
Org.nr: 982 358 973

## FRÅ ORLE I OLD TIL RAGNARÓK – norrøne myter

I dei norrøne skriftene si oldemor – Edda – vert spørsmåla stilte som menneska til alle tider har søkt å finne svaret på, kvar og ein av oss i det korte livsløpet vi har fått tildelt.

*"Kvar kjem eg frå? Kva lagnad vil vederfarast meg? Korleis byrja det heile? Korleis vil det ende? Og etter enden, kva kjem då?"*

Slik spurde også forfedrane våre for meir enn 1000 år sidan. Svara var det berre ei som kjende; den visaste av alle, ho som var før alt, som stod over tid og rom og med stav i hand vandra gjennom alle verdenar - Volva. Slik lyer Volva sin spådom om opphavstida:

*Årle i old var det Yme bygde.  
Var hverken sand eller sjø eller svale bylgjer.  
Jord var ikkje, opphimmel ikkje,  
var berre Ginnungagap, men gras ingen stad!*

(Vers 3 i Voluspå; Nynorsk v/Ivar Mortensen Egnund)



Framsyninga er ei tidsreise frå opphavstida fram til verda gjekk inn i si siste lagnadstid kalla Ragnarók. Døme på forteljingar som kan inngå i eit program, tilrettelagt for ulike aldersgrupper og anledningar:

- I opphavstida
- Livsgåva
- Ygdrasil og normene
- Odin og runekunsten
- Suttungs mjød
- Tors kamp mot midgardsormen
- Trymskvida
- Iduns eple
- Frøya og brisingamen
- Korleis æsene fekk hjelperådene sine
- Balders død
- Lokes straff
- Ragnarók

**Varigheit:** Frå 30 – 60 minutt

**Tilrettelegging:** 3x3 meter golv plass

**Ta kontakt for pristilbod.**